


Close Reading

Eit instruksjonshefte utarbeidd i samarbeid med lærarar ved Lundeneset vidaregåande skule om korleis Close Reading kan nyttast i arbeidet med leseforståing av komplekse tekstar i alle fag.

Olaug Strand, Margunn Mossige & Ingeborg Margrete Berge



Innhald

Del 1- Introduksjon.....	4
Kva er Close Reading?	4
Kvifor Close Reading?.....	5
Korleis gjennomføre Close Reading i klasserommet?.....	6
Del 2 – Førebuingar	7
Førebuing 1 - Finne fram til komplekse tekstar med god kvalitet.....	7
Kvifor komplekse tekstar.....	7
Lesaren	7
Korleis velje ut tekst?.....	7
Kvalitative kriterium for tekstkompleksitet	8
Tabell 1. Tabell for å vurdere om ein tekst er kompleks nok til bruk i Close Reading.....	8
Førebuing 2 – Tekstavhengige spørsmål.....	10
Kva er tekstavhengige spørsmål?.....	10
Kvifor tekstavhengige spørsmål?	10
Korleis ser tekstavhengige spørsmål ut?	10
Tabell 2. Tekstavhengige spørsmål	11
Førebuing 3 – Annotasjon	13
Førebuing 4 - Diskusjon og argumentasjon	14
Del 3 – Close Reading i praksis	15
Eit døme på ei Close Reading-økt	15
Referansar	17
Eksempel på tekstar og spørsmål til Close Reading	18
Eksempel 1: Matematikk M2 med eksempel på tekstavhengige spørsmål	19
Eksempel 2 Engelsk frå Lundeneset vidaregåande skule.....	21
Eksempel 3 High school science.....	23

Merknad frå forfatarane

Dette instruksjonsheftet i Close Reading har kome til i eit samarbeid mellom Lesesenteret og engasjerte lærarar ved Lundeneset vidaregåande skule som del av eit desentralisert kompetanseutviklingsprosjekt (DEKOMP), 2021–2022. Viljen til å prøve ut noko nytt, og alle tilbakemeldingane frå lærarane, på både gjennomføring, og utvikling av heftet, har vore uunnverleg for dette arbeidet. Hausten 2022 gjennomførte vi og lærarar ved Lundeneset eit forskingsprosjekt kor vi stilte spørsmål om i kva grad Close Reading passar i norsk skulekontekst. Resultata frå prosjektet vil bli publisert seinare, men erfaringa frå det arbeidet er også med i dette heftet.

Først i dette heftet gir vi ein kort introduksjon til Close Reading-metodikken. Vidare handlar teksten om korleis læraren kan førebu seg til å arbeide med Close Reading i klasserommet (Førebuing 1-4). Deretter kjem eit døme på korleis ei Close Reading-økt kan gjennomførast, og heilt til sist i heftet, finn de vedlegg med døme på tekstar med tekstavhengige spørsmål.

Close Reading kan brukast på alle skuletrinn, men dette heftet er utvikla med særskilt tanke på bruk i den vidaregåande skulen, i alle fag.

Lykke til!

Stavanger, mars 2023

Med beste helsing

Olaug Strand, Margunn Mossige & Ingeborg Margrete Berge

Del 1- Introduksjon

*Close Reading*¹ er ei tekstanalytisk tilnærming til komplekse tekstar, der eleven blir rettleia gjennom teksten for auka leseforståing.² *Close Reading* er ein godt implementert praksis i leseundervisninga på alle nivå i amerikansk og engelsk utdanning,³ men mindre utbreidd i norsk undervisningspraksis. Vi har her valt å lene oss på den amerikanske definisjonen,⁴ som har hatt betydeleg påverknad når det gjeld implementering av *Close Reading* i leseundervisninga:

*Close Reading of text involves an investigation of a short piece of text, with multiple Readings done over multiple instructional lessons. Through text-based questions and discussion, students are guided to deeply analyze and appreciate various aspects of the text, such as key vocabulary and how its meaning is shaped by context; attention to form, tone, imagery and/or rhetorical devices; the significance of word choice and syntax; and the discovery of different levels of meaning as passages are read multiple times*⁵.

Det er utvikla fleire praksisar innan *Close Reading*, og det eksisterer eit mangfald av døme, opplegg og tilrådingar i litteraturen og på internettet. Dette heftet følgjer den heilskaplege tilnærminga utvikla og forska på i amerikansk skule av særleg Fisher & Frey.⁶ Komplekse tekstar er i denne samanhengen tekstar som språkleg og/eller tematisk nesten er ugjennomtrengelege for elevane.⁷ Tekstane skal altså vere så vanskelege at eleven ikkje vil greie å forstå heile budskapet ved fyrste gjennomlesing. Heile formålet med *Close Reading* er at lesaren skal lære å ta i bruk strategiar for å jobbe med teksten som ein sjølvstendig lesar, samtidig med at han lærer av teksten.

Kva er *Close Reading*?

I litteraturvitenskapen er *Close Reading* opphavsleg knytt til retninga nykritikken.⁸ Nykritikken oppstod som ein reaksjon mot blant anna historisk-biografisk litteraturforskning, og legg stor vekt på at teksten skal vere autonom. Ytre omstende rundt tekstane får inga vekt, ein ser med andre ord, i stor grad, bort frå kontekstuelle forhold.⁹ Difor blir tekstanalysen det primære i nykritikken, og dei indre samhengane i verket blir gjennom språklege verkemiddel viktige for å skape forståing av teksten.¹⁰ òg i *Close Reading*, er det den autonome teksten som står i sentrum, og elevane skal trenast til å lese, forstå og lære frå den komplekse teksten. Lesaren skal klare å kome fram til ei djup forståing av innhald og meining i teksten gjennom å studere språklege detaljar i teksten.¹¹ Teksten må difor vere av svært høg kvalitet.

¹ På norsk blir *Close Reading* nokre gonger oversett til nærlesing (sjå t.d. Ridderstrøm, 2020, s. 14 og [data.ub.uio.no: HUME: Nærlesing](https://data.ub.uio.no/HUME/Nærlesing)). Vi argumenterer for at omgrepet nærlesing ikkje er dekkjande for den praktiske heilskapen *Close Reading* slik han er beskriven av Fisher & Frey (2014a), og definert av The Aspen Institute's Education and Society Program (Brown & Kappes, 2012, s. 2). Det er denne definisjonen som ligg til grunn for utarbeiding av dette heftet.

² Shanahan, 2021; Fisher m.fl., 2015; Brown & Kappes, 2012

³ Snow & O'Connor, 2016

⁴ Brown & Kappes, 2012. Definisjonen er nedfelt av the Aspen Institute's Education and Society Program i USA.

⁵ Brown & Kappes, 2012. s. 2.

⁶ Fisher & Frey, 2014a; Fisher & Frey, 2014b; Fisher et al., 2015

⁷ På engelsk: «[t]exts that do not give up their meaning easily or quickly.» (Fisher et al., 2015, s. 2)

⁸ Ridderstrøm, 2020

⁹ Ridderstrøm, 2020

¹⁰ Skei, 2019

¹¹ Snow & Conner, 2016

Kanskje representerer denne måten å jobbe med tekst på, for mange lærarar, eit brot med kva som lenge har vore utbreidd praksis i norske klasserom. Mykje tyder på at læraren i norske klasserom i dag er hjelpsam og støttande i tekstarbeidet, og bruker mykje tid på å formidle fagkunnskap frå tekst til elevane.¹² Med andre ord, elevane blir til ein viss grad fortalde og forklarte kva som står i teksten, heller enn at dei bruker nok tid på å lese teksten sjølv for å bli sjølvstendige lesarar. Samstundes tyder studiar på at desse måtane å jobbe med tekst på, ikkje er særleg til hjelp når elevane skal lære å forstå komplekse tekstar.¹³ Alt det som bidrar til å føre eleven inn i teksten før han tek til med å lese sjølv, har sjølv sagt noko føre seg. Men dersom dette førlesingsarbeidet fjernar all motstand for lesaren, tar det også bort behovet for lesestrategiar vi veit er viktige.¹⁴ I nokre tilfelle kan også hensikta med å lese teksten falle bort dersom eleven kjenner innhaldet før han begynner å lese.

Kvifor Close Reading?

Mange elevar i vidaregåande skule har ikkje tilstrekkeleg kunnskap om og erfaring med å lese ulike tekstar i den grad det krevst i vårt tekst- og kunnskapsbaserte samfunn.¹⁵ Hensikta med å bruke Close Reading i undervisninga er å møte denne utfordringa. For det første er det ein tilnærming til komplekse tekstar alle elevar, uansett studieretning eller fagleg nivå kan bruke. Den hjelper dei å styrke evna si til å lese, lære frå og forstå komplekse tekstar i skulen og seinare i livet. For det andre har praksisen eit studieførebuande formål; at elevane skal trenast til å bli sjølvstendige lesarar av komplekse tekstar for å ruste dei til å handtere dei tekstlege krava i høgare utdanning.

I læreplanverket LK20 har djupnelæring fått ein sentral plass.¹⁶ Her blir djupnelæring definert som det «(...) å gradvis utvikle kunnskap og varig forståelse av begreper, metoder og sammenhenger i fag og mellom fagområder.»¹⁷ I hovudutgreiinga om framtidens skule¹⁸ blir det lagt vekt på at undervisninga bør fremme djupnelæring. Djupnelæring handlar blant anna om at nye idear skal koplatt til allereie kjende omgrep, og er difor noko anna enn eit statisk syn på kunnskap som memorerast eller reproduserast.¹⁹ I dette ligg det mellom anna at elevar må få tid til å arbeide med lærestoffet og gå grundig inn i det, slik at eleven seinare kan overføre kunnskapen til nye og ukjende samanhengar.²⁰ I så måte kan det å jobbe med komplekse tekstar gjennom Close Reading vere ein måte å arbeide med leseforståing og djupnelæring.

Eit mangfald av undervisningspraksisar med formål å styrke leseforståinga til elevar blir praktiserte i norske klasserom. Mange av desse er erfaringsbaserte, men få er empirisk testa. Det vil seie at ein veit ikkje sikkert om undervisninga verkar eller ikkje. Close Reading, slik han er definert over og operasjonalisert gjennom dei fem delane vi skisserer under, har vist dokumentert effekt gjennom blant anna styrkt leseforståing.²¹ Særleg verd å nemne er at svake lesarar også ser ut til å ha nytte av denne måten å jobbe med tekst på.²²

¹² Säljød, 2010; Blikstad-Balas, 2021, s. 70–71

¹³ Pearson, 2013

¹⁴ Fisher & Frey, 2015, s. 13

¹⁵ Lødding & Aamodt, 2015

¹⁶ Utdanningsdirektoratet (UDIR), 2019

¹⁷ Utdanningsdirektoratet (UDIR), 2019

¹⁸ NOU 2015:8, s. 8

¹⁹ Gamlem & Rogne, 2015, s. 7–9.

²⁰ Pellegrino & Hilton, 2012

²¹ Fisher & Frey, 2014a; Cantrell et al., 2010

²² Fisher & Frey, 2014a

Korleis gjennomføre Close Reading i klasserommet?

Kort forklart: Elevane skal trene på å jobbe med komplekse tekstar, både sakprosa og skjønlitterære tekstar, slik at dei får auka leseforståing, blir sjølvstendige lesarar, får erfaring med vanskelege tekstar og lærer av teksten. Dette krev tid, konsentrasjon og dedikasjon frå lesaren. Læraren si hovudoppgåve er å støtte og motivere eleven til å stå i denne prosessen med å arbeide med teksten. Dette krev god førebuing. Elevane skal bli fortalde kva som er hensikta med Close Reading før ein går i gang.

Målet er altså at elevane skal trene på å jobbe med komplekse (vanskelege) tekstar for:

- Å auka leseforståinga.
- Å bli sjølvstendige lesarar.
- Å få erfaring med korleis ein handterer vanskelege tekstar.
- Å lære av teksten.

Vi presenterer her dei fem sentrale delane som utgjer ein heilskapleg praksis i lesing av komplekse tekstar.²³ Dei fem delane skal *ikkje* gjennomførast kronologisk (steg for steg) i undervisninga, men vi anbefaler å gjennomføre alle delane for at opplegget skal bli vellykka og tene sitt formål. Det er viktig at læraren set seg godt inn i den enkelte del, og førebur seg før metoden blir teken i bruk i klasserommet.

Dei fem distinkte delane i Close Reading inneber:

- **Korte, komplekse tekstar**

Lengda på ein utvald tekst skal vere mellom eit par avsnitt og ikkje overskride tre sider. Teksten skal oppfølgje krava til kompleksitet. Sjå førebuing 1. Dersom teksten er for lang, kan ein bruke utdrag. Teksten må ha eit innhald og ein kvalitet som gjer at han er verd å bruke tid på i skulesamanheng.

- **Gjenteken lesing**

Elevane skal lese teksten, eller delar av teksten, fleire gonger. Elevane skal lese teksten gjentekne gonger for å greie å svare på tekstavhengige spørsmål. For å finne argument for å kunne trekkje logiske slutningar og konklusjonar, eller for å hente argument til munnlege samtalar om teksten. Gjenteken lesing er såleis ikkje det same som å berre repetere lesinga for å reprodusere fagstoffet overflatisk. Lesing av ein tekst fleire gonger har vist seg å styrkje leseflyt og leseforståing.²⁴ Læraren skal vere tilgjengeleg for spørsmål og rettleie ved behov, og sikre at elevane ikkje mistar motet, men elevane skal lese sjølv.

- **Annotasjon**

Elevane tek notat direkte i teksten medan dei les. Dette kan gjerast anten med penn på papir, eller digitalt. Elevane skal få instruksjon frå lærar om kva dei skal sjå etter i teksten når dei skal notere, sjå førebuing 3.

- **Tekstavhengige spørsmål**

Dei tekstavhengige spørsmåla skal vere utforma på ein slik måte at eleven skal kunne finne gyldige argument eller bevis frå teksten for å kunne svare. Det er nødvendig at eleven må inn i teksten for å finne svar, det skal ikkje vere mogleg å svare på spørsmåla berre basert på bakgrunnskunnskap eller

²³ Fisher & Frey, 2014a

²⁴ Therrien, 2004

tidlegare erfaringar. Spørsmåla skal rette fokus mot fleire aspekt ved teksten slik som struktur, språklege verkemiddel, tematikk og budskap. Spørsmåla skal ha ein vanskeprogresjon frå ganske enkle spørsmål til vanskelege. Ved å arbeide seg gjennom spørsmåla blir eleven rettleia gjennom teksten ved hjelp av spørsmåla slik at lesaren gradvis får ei djupare forståing. Sjå førebuing 2.

- **Samtalar om teksten**

Elevane og læraren samtalar om teksten i fleire omgangar. Samtalepartnerane skal bruke fagspesifikke ord og uttrykk frå teksten, og basere innspelane sine på fagleg baserte argument frå teksten. Munnleg interaksjon om teksten er ein heilt sentral del av Close Reading, men samtalanane kan òg resultere i eit skriftleg produkt om ynskjeleg. Det er altså ikkje tilstrekkeleg at elevane les ein tekst og svarer på spørsmål. I Close Reading skal det setjast av nok tid til at elevane får diskutert teksten, eller delar av teksten, med andre.

Del 2 – Førebuingar

De har no lese ei kort innleiing om kva Close Reading er, og argument for kvifor denne praksisen kan vere nyttig i arbeidet med komplekse tekstar. Vidare følgjer ei beskriving av korleis læraren kan førebu dei fem sentrale delane i Close Reading. Førebuing 1 handlar om korleis ein finn fram til komplekse tekstar. Førebuing 2 tar føre seg korleis ein går fram for å lage tekstavhengige spørsmål. Førebuing 3 beskriv korleis læraren kan lære elevane sine å notere i teksten, og førebuing 4 handlar om korleis ein kan få til ein diskusjon i klasserommet basert på teksten ein har lese.

Førebuing 1 - Finne fram til komplekse tekstar med god kvalitet

Kvifor komplekse tekstar

Skulen har eit ansvar for at elevane får øve seg på å lese komplekse tekstar for å ruste dei til framtidige studiar, og for at dei skal kunne delta i eit yrkesliv og samfunnsliv som krev lesing av stadig meir krevjande tekstar. Det er difor viktig at elevane blir eksponerte for tilstrekkeleg komplekse tekstar i alle fag. Det må gis rom til lesing av og arbeid med komplekse tekstar, og læraren må vere budd på å støtte elevane i arbeidet med avanserte faglege tekstar.

Lesaren

Når ein lærar skal finne fram til ein tekst som ei gruppe elevar skal arbeide grundig med, har han ei utfordring: mangfaldet i elevgruppa. Det er ofte stor variasjon i elevane sine leseferdigheiter, faglege kunnskapar og forkunnskapar. Ein tekst som er kompleks for éin lesar, treng ikkje å vere det for andre lesarar. Måten dei ulike elevane vil arbeide med ein tekst på, avheng blant anna av individuelle kognitive ressursar (merksemd, minne, evne til å trekke slutningar i teksten og på tvers av teksten, og evne til å visualisere), motivasjon (hensikt med lesinga, interesse for innhaldet og meistringstru), kunnskap (ordforråd, kunnskap om emnet, kunnskap om sjanger, språk og strategiar for å forstå) og erfaringar.²⁵ Læraren må på førehand tenkje over at elevane vil jobbe ulikt med Close Reading, og ta inn i vurderinga om alle elevar skal jobbe med same tekst, eller om dei skal ha ulike tekstar/tekstutdrag. Det er også mogleg å differensiere med å la elevar lese kortare eller lengre utdrag av same tekst, eller svare på ei ulik mengd spørsmål.

Korleis velje ut tekst?

Teksten læraren vel ut skal vere relevant for faget han skal brukast i, sjåast i samanheng med læreplanmål, og/eller beskriving av lesing som grunnleggjande ferdighet i det enkelte faget. Det er også viktig at teksten er kort og har god kvalitet i den forstand at han er verd å bruke tid på og å lese

²⁵ Reading Study Group (RAND), 2002

fleire gonger. Teksten må også vere kompleks og eigna til bruk i eit Close Reading-opplegg. Tekst frå læreboka kan brukast dersom han følger krava for kompleksitet.

Tabellen under (Tabell 1) kan brukast som ein rettleiar når ein skal vurdere kompleksiteten til ein tekst.²⁶ Beskrivingane i tabellen gjeld for både skjønnlitteratur og sakprosa.

Kvalitative kriterium for tekstkompleksitet

I tabellen under er det lista opp ulike aspekt ved ein tekst gradert etter beskrivingane *lett* og *vanskeleg*. Nokre av kulepunktta passar best for skjønnlitterære tekstar, medan andre passar betre for saktekstar. *Få eller ingen av tekstane vil innehalde berre lette eller berre vanskelege trekk*. Nokre tekstar vil ha mange aspekt kategorisert som lette, medan andre vil ha få lette og mange vanskelege aspekt. Sjølv om ein tekst inneheld få *vanskelege trekk*, kan han likevel vere eigna til Close Reading, dersom desse vanskelege trekk er berande for kompleksiteten i teksten. Det kan til dømes dreie seg om tolking i ein skjønnlitterær tekst, eller å skjønne og anvende eit utval fagspesifikke omgrep i ein fagtekst. Beskrivingane er meint som eit verktøy læraren kan bruke for å velje ut komplekse tekstar.

Tabell 1. Tabell for å vurdere om ein tekst er kompleks nok til bruk i Close Reading.

Aspekt ved teksten	Lett	Vanskeleg
Meining og hensikt	<ul style="list-style-type: none"> • Teksten har ei eller få moglege tolkingar. • Bodskaen er eintydig og lett å finne fram til. 	<ul style="list-style-type: none"> • Teksten har fleire moglege tolkingar. • Teksten har implisitte eller skjulte bodskap.
Struktur	<ul style="list-style-type: none"> • Enkel, eksplisitt og kjend. Eksempel: strukturen er kronologisk, bruker dei mest kjende sjangertrekka, grafiske framstillingar og illustrasjonar er enkle og ikkje nødvendige for å forstå teksten. 	<ul style="list-style-type: none"> • Samansett, implisitt og uvanleg. Eksempel: strukturen er ikkje kronologisk, kan eksperimentere med konvensjonelle sjangertrekk, avanserte grafiske framstillingar og illustrasjonar som er nødvendige for å forstå teksten, og/eller har supplerande informasjon.
Språk	<ul style="list-style-type: none"> • Syntaksen er enkel, setningane relativt korte og vokabularet består i stor grad av høgfrekvente ord. Bokstaveleg, tydeleg, følgjer samtidas språkkonvensjonar. Kan ha eit munnleg preg utan at det bryt med gjeldande språkreglar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Syntaksen er kompleks, setningane lange og det er mange lågfrekvente ord. Teksten kan innehalde språklege bilete, metaforar, ironi, uklar (tvitydig) mening, sarkasme, gammalt (arkaisk) språk/ukjent språk/dialekt, spesifikt fagspråk og eit såkalla akademisk språk.²⁷
Behov for forkunnskap	<ul style="list-style-type: none"> • Lesar treng lite forkunnskap om tema eller i faget for å kunne forstå innhaldet i teksten. 	<ul style="list-style-type: none"> • Lesar treng mykje kunnskap om tema eller i faget for å kunne forstå innhaldet i teksten. • Lesar treng kontekstuelle referansar som for eksempel inneber historiske-, religiøse-, kulturelle-,

²⁶ Punkta tek utgangspunkt i dei kvalitative faktorane for tekstkompleksitet henta frå amerikanske The Common Core State Standards, 2021.

²⁷ Med eit akademisk språk meiner vi her ord og omgrep som vert nytta meir i vitskaplege tekstar (skuletekstar) enn i daglegspråket, men som likevel er meir generelle enn fagspesifikke omgrep.

	<ul style="list-style-type: none"> • Lesar klarer å forstå teksten ut frå berre eitt perspektiv (sitt eige). • Liten grad av intertekstualitet (dvs. få eller ingen referansar til andre tekstar). 	<p>sjangerspesifikke-, språklege- og personlege erfaringar.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lesar må vere i stand til å ta ulike perspektiv, for eksempel forstå ulike sider av ei sak eller ulike motseiande argument som kjem fram i teksten. • Høg intertekstualitet.
--	--	---

Merknad. I vedlegg 1 kan de finne eksempel på tekstar som er prøvde ut i Close Reading.

Førebuing 2 – Tekstavhengige spørsmål

Dei tekstavhengige spørsmåla er avgjerande for framdrifta av lesinga i Close Reading. Spørsmåla må lagast av lærar på førehand etter ei god nærlesing av den teksten elevane skal lese. I starten kan det vere ei utfordring å lage desse spørsmåla som skal vere tekstavhengige, og det er fleire måtar å gjere det på. Det bør difor settast av rimeleg tid til dette arbeidet.

Kva er tekstavhengige spørsmål?

Elevane skal greie å svare på dei tekstavhengige spørsmåla ved *berre* å lese teksten. Det skal ikkje vere tilstrekkeleg å bruke bakgrunnskunnskap og tidlegare erfaringar. Spørsmåla skal difor ikkje gå ut over det som står i teksten, eller få elevane til å synse, tru eller meine noko basert på tidlegare erfaringar. Dette kan opplevast krevjande for både den som lager spørsmåla og for lesar. Elevar som har delteke i Close Reading uttrykkjer prosessen som krevjande fordi spørsmåla er vanskelege, og dei må gå fram og tilbake i teksten for å finne svar. Nokre gonger må dei diskutere seg fram til svara med medelevar.²⁸

Kvifor tekstavhengige spørsmål?

Tekstavhengige spørsmål er med på drive lesinga ved å gi tekstlesinga mål og retning; frå ei meir overflatisk lesing til ei meir djuptgåande lesing. Ved hjelp av spørsmåla kan læraren hjelpe elevane å finne ut kva dei skal sjå etter. Så kan dei sjølv finne svara. Spørsmåla har som føremål at elevane skal trene seg på å hente evidensbasert informasjon (bevis), kunnskap og innsikt frå det dei har lese. Spørsmåla danner grunnlag til å samtale om ulike tekstavhengige tema. Dette stiller høge krav til utforming av spørsmåla.

Korleis ser tekstavhengige spørsmål ut?

Spørsmåla skal vere utfordrande og gjerne slik at eleven må hente informasjon frå ulike delar av teksten for å kunne svare. Elevane skal ikkje kunne svare ved å kopiere direkte frå teksten, eller berre ved bruk av bakgrunnskunnskap.

Spørsmåla skal ha ein progresjon som driv eleven frå overflatisk forståing til djup forståing. Ein startar gjerne med å spørje om det overordna innhaldet i teksten; Kva seier teksten? Lesar kan gjerne identifisere sentrale detaljar som er nødvendige for å forstå heilskapen. Så driv spørsmåla lesar vidare til å studere språkleg form og struktur som vokabular, val av ord, og verkemiddel. Eleven skal altså lære å forstå teksten ved å studere ord og struktur. Deretter stiller ein spørsmål som krev at ein brukar kunnskapen ein har fått ved å studere delar av teksten til å setje dei saman og gå vidare inn i teksten for å få fram den djupare meininga. Det kan vere spørsmål kor eleven skal leite etter samanhengar, avdekka skjult budskap, trekkje slutningar og i nokre tilfelle leite etter spor etter forfattaren. Nokre gonger kan arbeidet med fagspesifikke ord, termar, formlar eller liknande vere tilstrekkeleg til at det (forhåpentlegvis!) går opp eit lys for eleven, om kva denne teksten eigentleg seier. Til slutt er det tid for å stille spørsmål som utfordrar til tekstbasert refleksjon og vurdering av argument. Det vil seie at eleven skal identifisere argument i teksten og vurdere om dei er haldbare og gyldige ut i frå logikken i teksten. Spørsmålsformuleringa bør vise tilbake til omgrep som er brukte i teksten. Dette for å hindre at elevane blir forvirra, eller berre svarer ut frå egne erfaringar.

Tidsramma for å jobbe med ein tekst og tekstavhengige spørsmål er rundt 45 minutt. For å gjere arbeidet overkommeleg for elevane, og sikre at alle heng med, kan det vere lurt å jobbe med spørsmåla i fleire sekvansar.

²⁸ Fisher & Frey, 2014b

Tabell 2 gjer ei oversikt over fire kategoriar,²⁹ som kan hjelpe lærar med å utarbeide tekstavhengige spørsmål. Kvar kategori inneheld kolonnen *Til læraren*, som gjer råd om korleis ein skal tenkje kring spørsmålsutforminga. Kolonnen *Om spørsmåla* beskriv intensjonen med spørsmåla innanfor den enkelte kategori. Den siste kolonnen *Døme på spørsmål*, viser nettopp det, altså døme. Nokre av døma er generelle og kan tilpassast ulike fag, mens andre er henta frå spesifikke fag. Det er ikkje i kvart undervisningsopplegg nødvendig med spørsmål som fell innanfor alle desse fire kategoriane. Men læraren bør gjere seg kjend med informasjonen som står i kolonnen *Til læraren* i alle kategoriane, for best mogleg å skjønne formålet med spørsmåla, og korleis dei tekstavhengige spørsmåla driv eleven gjennom dei ulike fasane av forståing; frå ei overflattisk forståing til djupneforståing. Lærar må sjølv avgjere kva som passar til teksten han vil bruke. Dei fire kategoriane er:

1. Kva seier teksten? Å identifisere den overordna forståinga, hovudinnhaldet eller budskapet i teksten, samt viktige detaljar.
2. Korleis er forma på teksten? Vokabular, val av ord og omgrep, tekststruktur og verkemiddel.
3. Kva er den djupare meininga i teksten?
4. Kva argument eller bevis er brukte i teksten?

Lærarar som har arbeidd med Close Reading, seier at det er krevjande å lage tekstavhengige spørsmål. Men, prosessen med å lage spørsmål på førehand, gjorde også at dei blei svært godt kjende med teksten.³⁰

Tabell 2. Tekstavhengige spørsmål

1. Kva seier teksten? Å identifisere den overordna forståinga, hovudinnhaldet eller budskapet i teksten, samt viktige detaljar.		
Til læraren	Om spørsmåla	Døme på spørsmål
Les teksten grundig. Identifiser kva element det er ynskjeleg at eleven skal forstå ut frå teksten: den overordna forståinga, historia som blir fortald, hovudinnhaldet eller budskapet.	Spørsmåla skal vere retta mot dei elementa læraren har blinka ut som viktige for eleven å få kjennskap om. Spørsmåla kan dreie seg om å finne fram til sentrale idear eller tema i teksten, og analysere korleis dei utviklar seg gjennom teksten. Dei kan samanfatte dei viktigaste støttande detaljane og ideane, eller dei kan handle om korleis eit fagspesifikt område blir forklart gradvis gjennom ein tekst.	Korleis og kvifor utviklar menneske, hendingar og tankar seg i løpet av teksten? Kva argument i teksten støtter opp om det teksten seier om eit gitt tema? Kor i teksten er tematikken ikkje ein-sidedig, men viser fleire sider av eit tema? «Kan du forklare hovudtanken i dette matematiske beviset for ein som ikkje har faget?» ³¹
Spørsmåla skal ikkje innehalde spesifikke faguttrykk som ikkje er brukte i teksten.		
Finn fram til viktige detaljar som står i teksten som er nødvendige for å kunne forstå heilskapen. Lag spørsmål som rettar	Desse spørsmåla handlar om <i>kven, kva, kor, når, kvifor eller korleis</i> og skal bidra til å nyansere forståinga av heilskapen og skape større klarheit.	«Kva betyr det at ein prosess er eksoterm og ein er endoterm?» ³² «Kva døme i teksten viser når friluftslivet er berekraftig, og når det ikkje er det?» ³³

²⁹ Utviklinga av kategoriane er inspirert av The Common Core State Standards for Reading, Grade 11–12, studien til Fisher & Frey, 2014, samt deira bok «Text Dependent Questions», 2015.

³⁰ Fisher & Frey, 2014b, s.39.

³¹ Kjelde Siv Heidi Eidsheim, lærar i kjemi og matematikk på Lundeneset vgs., eksempel 1 i vedlegg

³² Kjelde Torunn Kringlebotten, lærar i kjemi på Lundeneset vgs.

³³ Kjelde Kristine Vik Ekornrud og Mallin Heggheim Brekke lærarar i servicefag, Lundeneset vgs.

merksemda mot desse detaljane.		
2. Korleis er forma til teksten? Vokabular, val av ord og omgrep, tekststruktur og verkemiddel.		
Til læraren	Om spørsmåla	Døme på spørsmål
Fastsett tydinga eller definisjonen av ord, inkludert figurative, konnotative og tekniske tydingar, slik dei er brukte i teksten.	<p>Ord, omgrep og definisjonar i spørsmåla må samsvare med måten dei er brukte i teksten.</p> <p>Dei kan handle om å tolke ord og frasar slik dei finst i teksten, både direkte og overført tyding, og analysere korleis dette ordvalet skaper meining eller språkleg stil.</p>	<p>Korleis bruker og/eller re-definerer forfattaren tydinga av eit sentralt omgrep gjennom teksten?</p> <p>Kan du definere tydinga til sentrale omgrep, formlar, illustrasjonar eller liknande i teksten? Kva funksjon har desse har i teksten?</p> <p>«Kva betyr ordet koordinat i denne teksten?»³⁴</p>
Gjer deg kjend med korleis teksten er bygd opp. Sjå etter: tekststruktur, kronologi, tematisk oppbygning, språklege verkemiddel og stil, grafikk, illustrasjonar, bruk av formlar med meir.	Spørsmåla oppmodar til analyse av strukturen i teksten og til å sjå på korleis bestemte setningar, avsnitt eller større delar av teksten relaterer seg til kvarandre og heilskapen.	<p>Korleis påverkar synsvinkel eller formål med teksten innhald og stil i teksten?</p> <p>Korleis medverkar strukturen til at poenga i teksten blir tydelege, overtydande og engasjerande?</p> <p>Korleis nyttar forfattaren retorikk for å få fram synspunktet sitt?</p> <p>Korleis bidrar stilen og framstilling av tema til at teksten er overtydande?</p> <p>Kva er det i denne teksten som gjer at du skjønar beviset?</p>

3. Kva er den djupare meininga i teksten?		
Til læraren	Om spørsmåla	Døme på spørsmål
<p>For å oppnå ei djup forståing av teksten, må lesar forstå sentrale detaljar i teksten, t.d. ord, omgrep, formlar og struktur (jf. Kat. 1 og 2) og korleis dei saman dannar ein heilskap.</p> <p>Er temaet i teksten presentert i ulike format? Til dømes i ulike grafiske framstillingar eller tabellar. Er det fleire tekstar i same tekst, tekst til bilete, faktaboks, dialog med meir?</p>	<p>Spørsmåla kan krevje at eleven må hente og setje saman informasjon frå fleire delar av teksten for å skjønne den heilskapelege budskapet eller tema i teksten.</p> <p>Spørsmåla oppmodar elevane til å trekke inn innhald presentert i ulike format; både visuelle format, kvantitative format (formlar), modellar og gjennom ord og tekst.</p>	<p>I kva deler i teksten finn de argument som støtter den same budskapet?</p> <p>Korleis får forfattaren fram budskapet i teksten?</p> <p>«Who (and to which situation) does the author refer to when he says «now, it is your turn to let freedom ring?»³⁵</p> <p>Korleis heng illustrasjonen/-ane saman med resten av teksten?</p> <p>«Beviset ender i et integral. Hvorfor kunne de bruke integral her?»³⁶</p>

³⁴ Kjelde Siv Heidi Eidsheim, lærar i kjemi og matematikk på Lundeneset vgs., eksempel 1 i vedlegg

³⁵ Kjelde Helge Johan Stautland, lærar i engelsk på Lundeneset vgs., eksempel 2 i vedlegg.

³⁶ Kjelde Siv Heidi Eidsheim, lærar i kjemi og matematikk på Lundeneset vgs., eksempel 1 i vedlegg

4. Kva argument, bevis eller belegg er funne i teksten?		
Til læraren	Om spørsmåla	Døme på spørsmål
